

Kjartan Viken Johannessen
Søråshøgda 137
5235 RÅDAL

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/6489 - 21/61936

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
17.09.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 347/49 Rosland

Tiltak: Flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 347/49
Tiltakshavar: Kjartan Viken Johannessen
Ansvarleg søkjar: Kjartan Viken Johannessen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.07.2021. Vi ber om orsaking for lang sakshandsamingstid pga. bemanningssituasjon og stor sakspågang.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om dispensasjon frå § 1-8 byggjegrænse mot sjøen, men ikkje om dispensasjon frå plankravet i byggjeområde for naust NZ_12 på landet og byggjeområde i sjøen for FL_13 småbåthamn. Søknaden må sendast inn og grunngjevast.
2. Det er ikkje avklarte privatrettslege forhold i saka då eigar av gbnr 347/52 kjem med merknad om eigarandel på flytebrygge som skal rivast nå. Det er vedlagt avtale om bruk av felles brygge, men avtale er signert berre av eigar av gbnr 347/52, uklart om det er signert av Dykk eller tinglyst. Før vi kan handsama saka vidare privatrettslege forhold skal vere på plass, jf. §21-6 PBL.
3. Det skal sendast målsatt detaljteikningar på flytebrygge.
4. Vi vil tilrå å samarbeide med eigar av gbnr 347/52 om oppføring av felles brygge for 2 naust, då slippar Dere å søke om dispensasjon frå plankrav i samsvar med pkt. 1.6.8 i KDP Meland:

1.6.8 For bryggjer gjeld følgjande:

- På areal med direkte tilknytning til eksisterande bygningar (bustad, fritidsbustad eller naust) er arealføremålet i plankartet og føresegner om byggegrense mot sjø etter pbl. § 1-8, ikkje til hinder for utlegging av flytebryggje som fellesanlegg på inntil 15 m², med maksimal breidde på 3 m.
- Bryggjer skal ha god terrengtilpassing og utformast slik at dei ikkje verkar dominerande eller er til hinder for ferdsel. Bryggjer, båtfeste og andre konstruksjonar og anlegg skal ta omsyn til allmenn ferdsel og utformast nøkternt. Bryggjefront skal utførast i tre, stein og/eller betong. Evt pir skal ikkje vere breiare enn 2 m.
- Til byggeområde for naust kan det tillatast fellesanlegg på land og i sjø.
- I naustområde kan det etablerast båtopptrekk og bryggje/pir felles for to nausteiningar eller fleire.

5. Det skal liggje føre løyve for oppføring av brygge frå Hamnemynde -Bergen hamn etter hamnelova. De har praksis å gi førehandsuttale til tiltak som krev dispensasjon frå arealdel i planen og etter dispensasjon er gjeve, skrivar dei løyve. Vi gjer merksam på at tiltaket skal ikkje hindre tilflåt til andre eigedommar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.10.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjartan Viken Johannessen

Søråshøgda 137

5235 RÅDAL